

NMT 8/9 - 1980

101779

London-Regjeringa 1940 — 1945

Av Dr. phil. Olav Riste

Det er gått en tid siden Forsvarets Krigshistoriske Avdeling utga professor Olav Riste's andre del av «London-Regjeringa» med undertittelen «Norge i krigsalliansen 1940». Bind II 1942—1945 heter VEGEN HEIM.

Første bind av historien om London-regjeringen ble utgitt i 1973, og utførlig omtalt i Norsk Militært Tidsskrift Hefte 3 1974.

Forfatteren er forsker tilknyttet Forsvarets Krigshistoriske Avdeling og er cand. philol. fra Oslo Universitet i 1959 og D. Phil. i Oxford i 1963 på en avhandling om Norge og stormaktene under første verdenskrig.

Av forordene i boken fremgår det at forfatteren har hatt et bedre kildegrunnlag enn for Bind I's vedkommende å bygge på. Bl.a. sentralt materiale fra det britisk-norske samarbeide på motstandssektoren i Norge. Et annet og viktig poeng med «VEGEN HEIM» er den første utførlige fremstilling om Svalbard-forhandlingene det siste krigsåret forårsaket av et militært utspill.

Jeg har hatt megen glede av å lese «VEGEN HEIM». Den er en grundig fremstilling av de viktigste ting som skjedde på regningsplanet som angikk oss alle. Det var først da jeg satte meg ned for å fortsette min omtale av første bind, «Prøvetid», at jeg kom på at kanskje våre lesere ville være bedre tjent med at det foredrag Olav Riste holdt i Oslo Miltære Samfund 3. desember ifor om «London-regjeringa» ble trykket. Det gir et helhetsbilde som Olav Riste så helt sikkert er den beste til å fremstille. Men før historikeren og forskeren får ordet la det være helt klart at ingen som ønsker et helt og uhildet bilde av «LONDON-REGJERINGA» kommer utenom Olav Ristes to bøker. Det er mitt håp at det etterfølgende vil forårsake en videre utbredelse av og kjennskap til et betydelig historisk verk som både utgiverne og forfatter har all grunn til å være stolt av.

Redaktøren.

Kjært barn har mange namn, seier ordtaket. Den regjeringa som eg har arbeidd med, og som eg skal omtale her, hadde mange namn. Men det var i dei fleste tilfelle ikkje varme kjensler som låg bak dei ulike namna. Når Quisling og dei norske nazistane kalla regjeringa for «flyktningeregjeringen», «emigrant-regjeringen», eller «emigrantklikken» i London, låg der både frykt og hat i desse

namna. Når nordmenn elles i utgangspunktet omtala regjeringa som «Regjeringen Nygaardsvold» hadde også det ofte eit innslag av skjellsord i seg. Sjølv uttrykket «London-regjeringa» eller «Regjeringen i London», var ikkje eit namn utgått av spesielt varme kjensler. Når dette namnet vart brukt — for eksempel av den svenske utanriksminister Günther i Riksdagen i januar 1943 — markerte



det nok helst ein grad av uvisse overfor denne regjerings status, som syntes å gjøre det nødvendig å plassere regjeringa geografisk.

Denne regjeringa, som under namnet «Nygaardsvold-regjeringa» vel er den mest utskjelte i Norges historie, hadde i sin eigenskap av eksil-regjering den vanskelegaste oppgåve som ei norsk regjering nokon gong har hatt. Ho kom til London i juni 1940 som ei regjering som hadde sett sin utanrikspolitikk lide forlis, som hadde tapt eit felttog og tapt den heimlege jord, og som no stod i fare for å tape den siste rest av oppslutning hos folket heime. De facto, om enn ikkje formelt, var regjeringa alliert med Storbritannia. Det innebar at ho hadde knytt sin lagnad til dei maktene som gjekk frå nederlag til nederlag i

kamp mot den tilsynelatande uovervinnelege tyske frammarsjen. Jamvel Storbritannias posisjon var i juni-dagane 1940 usikker, og ein av dei første ting regjeringa måtte ta seg av var å førebu vidare planar for flukt over Atlanteren til Canada. Forholdet mellom den norske og den britiske regjering var også kjøleg og avventande, på bakgrunn av motsetningar og mistydingar under vinteren og våren 1940.

Vi skal ikkje underslå at der i ei oversikt over den norske regjerings status sommaren 1940 også fanst positive sider. Først og fremst Kongens urokkelege loyalitet til og samhald med regjeringa. Dernest kom dei materielle ressursane som regjeringa trass alt disponerte, først og fremst den norske handelsflåten, og — med ein både reell og symbolisk verdi — Norges Banks gullbeholdning. Både for handelsflåten og for gullreserven galdt det imidlertid at den norske regjerings kontroll over desse ressursane ikkje var sikra og derfor i det første krigsåret hang i ein tråd. Dertil kom at dette var ressursar på meir langsigktig basis som ikkje kunne hjelpe regjeringas posisjon i den første fasen. Det einaste som kunne berge regjeringa over den første kneiken var i realiteten å finne fram til den rette politikken, først og fremst overfor dei til hovudutfordringane som melde seg sommaren 1940: Det første var forholdet til heimefronten, — heimefronten då i den vidaste tyding av uttrykket. Det andre var forholdet til alliansen, — det vil i det første krigsåret først og fremst seie forholdet til Storbritannia. På begge desse to områda var så å seie alt avhengig av den politikk regjeringa la opp til i sommarmåna-dene 1940.

Det trengs ikkje mange ord

for å forklare kvifor forholdet til folket i det okkuperte Norge måtte vere heilt avgjerande som utgangspunkt for London-regjeringas posisjon i det heile. I sjølv uttrykket eksil-regjering ligg der som oftaast eit element av uvisse, ofte eit element av tragedie eller vonløyse. Dei fleste eksempel vi kjenner på eksil-regjeringar både før og etter den andre verdskrigen — og nokre tilfelle også frå krigen — kallar fram frå minnet enten regime som har mått forlate sitt heimland på grunn av indre politiske omveltningar eller meir eller mindre ugjenkallelege storpolitiske omskifte. Eller det kan vere politiske grupperingar som ikkje har kunna arbeide fritt i sine heimland, og som då frå ein basis i utlandet prøver å byggje opp ein posisjon som utfordrar til makthavarane i heimlandet. Felles for dei alle er at deira realpolitiske sjansar til å oppnå sine mål har vore heller små. Og for den norske regjeringa var det sommaren 1940 ein heilt reell fare for at dette også kunne bli deira lagnad. Der skulle ei sterkt tru til for den som sommaren 1940 makta å halde fast ved ein framtidvisjon om at Storbritannia ville vinne krigen, og vinne den på ein så klar og overtydande måte at Tyskland måtte gi slepp på sin kontroll over Norge. Men for dei som hadde denne trua, og for andre som inst inne kanskje tvilte på at dette ville vere mogleg, men som i alle fall ikkje såg noko anna alternativ å satse på, var der to vilkår som regjeringa i sin krigspolitikk måtte oppfylle. Ho måtte for det første hindre ei utvikling som ville føre til at «regjeringa misser fotfestet hos folket der heime» — slik Koht i sine memoarar har uttrykt det. For det andre måtte der etablerast eit forhold til den britiske regjering som i størst mogleg

grad sikra at spesielt norske interesser vart teke vare på under krigføringa.

Den mest alvorlege utfordinga på kortare sikt låg i det første av desse to forholda. Den nedslatte for ikkje å seia defaitistiske stemninga som rådde i Oslo i juni og juli 1940, ført til at mange framståande nordmenn såg ei forhandlingsløsing eller eit kompromiss med den tyske okkupasjonsmakta som det einaste middel til å overleve og til å oppnå rimelege kår for det norske folket i åra framover. Det mest markante utslaget av denne nederlagsstemninga var dei forhandlingane som tok til i Oslo i juni 1940 om eit *modus vivendi* vedrørande styret i det okkuperte Norge. Under desse forhandlingane kom der til London, frå norske krinsar som seinare skulle bli blant dei fremste i motstandskampen, klare oppmodingar til regjeringa om å gjere seg mest mogleg usynleg, for ikkje å øydeleggje utsiktene til ei rimeleg forhandlingsløsing i Norge. Klimaks kom gjennom den velkjende oppmodinga frå Stortingets president-skap til Kongen 27. juni om å «gi avkall på sine forfatningsmessige funksjoner». Då hadde regjeringa i London forlengst teke sitt standpunkt. Korkje Kongen eller regjeringa kunne eller ville gi avkall på sin legitimitet og sine konstitusjonelle plikter. Men kor langt skulle dei gå i aktivt å hevde sin autoritet og status overfor alle forsøk på å avgrense denne? Her måtte det bli ein vanskeleg balanse mellom ein avvendantande og ein pågående krigspolitikk. Ein altfor utfordrande politikk, ein politikk som stilte harde krav til det norske folks lojalitet overfor Konge og regjering, kunne i den vanskelege situasjon som rådde heime lett slå tilbake. Reaksjonen hos folket heime, under



presset frå den tyske okkupasjonsmakts nærver og dei norske nazistars forsök på å etablere ei alternativ styreform, kunne lett bli: «Kom og prøv det sjøl. Det er lett nok å sitte der borte i London og gi ordrar om korleis folket skal oppføre seg overfor okkupasjonsmakta.» Det er faren for slike reaksjonar som først og fremst forklarar kvifor regjeringa det første krigsåret eller to var så usikker på si stilling og førte ein så varsam og lenge famlande krigspolitikk. Spesielt var regjeringa varsam med å utfordre opinionen heime gjennom krigshandlingar som sette norske verdiar og norske menneskeliv på spel. Utslag av dette har vi mellom anna i avvisinga av general Fleischers forslag, frå juni 1940, om organisering av

den norske hær i kommandoavdelingar for deltaking i operasjonar på norsk jord. Det same ser vi i det einaste frå regjeringas side som liknar ein instruks til motstanden i Norge i det første krigsåret: Eit brev frå Trygve Lie og Johan Nygaardsvold til Stockholm der det blir åtvara mot alle overilte handlingar som kunne sette norske menneskeliv i fare. Den same varsame lina kan vi følgje i den programpolittikk som dei norske sendingane frå London radio reflekterte den førtida: Ei line som nok hevda regjeringas krav om lojalitet og støtte frå folket, men som let vere å sette denne lojaliteten på harde prøver gjennom presise krav om handling. Ei slik line frå regjeringas side, som nærmast overlet den aktive motstandspolitik-

ken og den aktive krigspolitikken til eit slags «kreftenes frie spel», var imidlertid ingen ufarleg politikk. Faren låg i at regjeringa kunne tape all kontroll med den vidare utviklinga. Initiativet i krigspolitikken kunne då gli over til meir aktivistiske eller pågåande norske krinsar ute og heime, eller til britane, som i sin krigspolittikk ikkje hadde noko innebygd behov for å ta omsyn til spesielt norske interesser. Utover i 1941 tok det då også til å kome signal frå norske krinsar som anten sakna ei fastare leiing, ei fastare norsk hand over krigspolitikken, eller som stilte spørsmål ved om dei motstandstiltak og aksjonar som vart gjennomførte var i norsk interesse. Dette er bakgrunnen for to tiltak sommaren og hausten 1941

som skulle gripe avgjerande inn i framveksten av ein samla norsk krigspolitikk.

Det første var initiativet frå ei gruppering av framståande nordmenn i Oslo, som sommaren 1941 tok kontakt med regjeringa og stilte ein del kvasive krav, og som frå hausten 1941 oppnådde å bli representert i regjeringa. Det sambandet mellom regjeringa og heimefronten som Paul Hartmanns misjon til London i september 1941 symboliserte, skulle enno ei tid vere sporadisk og sterkt prega av gjensidig mistru på begge sider. Den representerte ikkje desto mindre ein kontakt som det kunne byggast vidare på, fordi den trass alt hadde sin kjerne i ei gryande gjensidig erkjelling av det lagnadsfellesskap som batt regjeringa og heimefronten saman. Det andre viktige tiltaket var reformen i den norske forsvarsleiinga på utefronten, som tok til med at Torp overtok forsvarsministerstillinga i oktober 1941, og som fekk sitt mest markante uttrykk i opprettinga av ein felles overkommando — Forsvarets Overkommando — i februar 1942. Gjennom dette siste var der skapt eit instrument på utefronten som ville vere i stand til å sette i verk dei stadig sterkare krav om ei regjeringskoordinert leiing av den norske krigspolitikken. Gjennom innordninga av militærorganisasjonen i Norge under Forsvarets Overkommando var også ein viktig føresetnad skapt for eit samspel mellom ute- og heimefront.

Dei største problema som dette kravet om ein samla og regjeringskoordinert norsk krigspolitikk skapte, oppsto i forholdet til den politiske heimefrontleiinga, eller «Kretsen» som gruppa på denne tid kalla seg. I sin isolasjon i forhold til dei tankar, den stemning og den samarbeidsånd som utvikla seg

mellom nordmenn og britar på utefronten, hadde Kretsen vanskeleg for å gi slepp på både sin mistillit til London-regjeringa og meir generelt sin tradisjonelle norske mistillit til stormaktenes omsorg for eit lite lands interesser. Spesielt hadde Kretsen vanskeleg for å innsjå det rimelege i dei allierte krava om militær kontroll med frigjeringa og overgangsfasen til normale tilstandar i Norge. Dessutan vegra dei seg lenge mot å godta London-regjeringa som ein garantist for at særnorske interesser ville bli tekne vare på under frigjeringsprosessen.

På grunn av desse motsetningane mellom regjeringa og den politiske heimefrontleiinga er det først hausten 1943 at ei reell konsolidering av ein samla norsk front kjem i gang. Grunnlaget for denne konsolideringsprosessen er først og fremst ei ny forståing hos heimefronten for at dei heime treng regjeringa i London minst like mykje som regjeringa i London treng heimefronten.

Regjeringa trengde heimefronten, og samarbeidet med den, som prov overfor dei allierte på at den norske fronten stod samla under Kongens og regjeringas leiing, og derfor hadde desto større krav på å bli teken om syn til av dei britiske allierte. Heimefronten på si side oppdaga utover i 1943 at den hadde behov for regeringas godkjenningsstempel i arbeidet for å hevde sin eigen autoritet overfor konkurrerande grupperingar på heimefronten. Dette innvarsla ein ny fase i det avmalte fornuftsekteskapet som nok var essensen i forholdet mellom regjeringa og den sivile heimefrontleiinga, — eit ekteskap der regjeringa for det meste hadde vore den fornuftige part. Eit sterkt uttrykk for den nye samarbeidsviljen som heretter gjorde seg gjeldande på heime-

frontens side, er den hyllest til utefronten som Kretsen organ Bulletinen gav i sitt siste nummer for 1943. Her gav Kretsen for første gong honnør ikkje berre til Kongen, sjøfolka og dei som kjempa i styrkane ute, men også til regjeringa, i ordelag som er verd å sitere: «Når vi nordmenn tenker på denne kamp, er det klart for oss at her er en utpreget vekselvirkning mellom hjemmefront og utefront. Fra London har vi ofte fått høre hvilken inspirasjon våre landsmenn der ute henter i vår tause, våpenløse strid her hjemme... Men det kan være grunn til også å si noen ord om den inspirasjon vi her hjemme har kunnet hente i norsk innsats ute, av Kongen og hans rådgivere, av sjøfolkene, flyverne og alle de andre som hver dag retter slagene mot voldsmakten. Kanskje den mest verdifulle av alle innsatser var den Kongen og Regjeringen gjorde da de besluttet ikke å kapitulere, men heller gå i landflyktighet og fortsette kampen... Kongen og hans menn vaklet ikke... Hos oss fikk nasjonen straks et fast krystallisjonspunkt i landets statssjef, dets lovlige regjering og dets militære ledelse... Nå skjønner alle at den linje som ble valgt, var den eneste riktige. Den skapte både Hjemmefronten og Utefronten.»

Frå denne hyllest var det ikkje langt fram til det høgtidelege dokumentet frå mai 1944 som proklamerte eksistensen av «Den norske Hjemmefrontdelse som i samråd med Konge og Regjering representerer det frie og kjempende Norge». Der låg eit program, men også ein realitet, i denne proklamasjons høgstemte ord om at «kampen er én, her hjemme som ved frontene».

Den andre store utfordringa som regjeringa stod ansikt til ansikt med alt sommaren 1940,

var å etablere eit funksjonsdyktig forhold til Storbritannia som kunne gi grunnlaget for at den norske regjeringa kunne hevde norske interesser under krigen. I drøftingane i det norske eksilmiljøet og innafor regjeringa hausten 1940 om kva alliansepoltikk den norske regjeringa skulle føre, kan vi skjelne mellom tre hovudtendensar: Eit mindretal i regjeringa, først og fremst statsrådane Anders Fjelstad og Sven Nielsen, representerte tradisjonell norsk småstatspolitikk, prega av misstru til stormaktene. Deira program gjekk ut på at Norge burde sikre seg best mogleg med tanke på sluttoppgjeren for krigen, gjennom avtalar og stormaktsgarantiar for Norges stilling. Dei syntest å meine at Norge alt gjorde sin del i krigen, ute gjennom handelsflåten, og heime gjennom det dei to statsrådane 5. september 1940 oppfatta som ein «heroisk, passiv motstand». Denne innsatsen burde gjerast betre kjend for britane, som utgangspunkt for krav om formelle britiske garantiar vedrørande Norges status ved krigsslutt. — Utanriksminister Kohts alternativ til denne lina var ein utprega nøktern realpolitikk. Etter Kohts syn låg Norge i skjeringspunktet mellom tre stormakters interesser: Tyskland, Storbritannia, og Sovjetunionen. Og så lenge utfallet av krigen var uklart, burde den norske regjering etter hans mening gardere seg ved at den, ved sida av eit aktivt praktisk krigssamarbeid med Storbritannia også tok omsyn til Sovjetunionens sannsynlege ønske om ein markert sjølvstendig norsk profil i forholdet til britane.

Det tredje alternativet, og det som det skulle vise seg vann fram, var representert i denne debattfasen av eit langt dokument underteikna av fem fram-

st  ande norske intellektuelle som hadde fulgt regjeringa til Storbritannia. Den som hadde ført dokumentet i pennen, var dr. Arne Ording, som seinare skulle bli Trygve Lies politiske r  dgivar. Dette dokumentet hadde to utgangspunkt. For det første konstaterte dei at Norge *de facto* sidan 9. april 1940 var i allianse med Storbritannia. Det andre var at denne krigen ikkje var som andre krigar. Det var ikkje ein tradisjonell krig om maktposisjonar, det var først og fremst ein revolusjon  r ideologisk konflikt mellom fascismen og dens motstandarar. I ein slik konflikt hadde Norge f  resetnader for å spele ei viktig rolle gjennom både sine materielle og moralske ressursar. Det måtte skapast ein fast og felles alliert front mot Hitler-Tyskland, og ein slik felles front var avhengig av at kvar alliert stat, også dei sm  , gjorde ein heilhjarta innsats. Ein slik full innsats var også etter brevskrivarane si mening ein avgjerande føresetnad for at den norske regjeringa skulle bli respektert i Storbritannia. Kjernekunsten i argumentasjonen var dette: «Hvis den britiske regjering er overbevist om at den norske regjering gj  r sitt ytterste, vil dens myndighet bli respektert og den vil i alle fall, til en viss grad, bli tatt med p   r  d. Hvis den britiske regjering tror at den norske regjering er lunken i kampen, er up  litelig eller g  r sine egne veier, vil det f  r eller senere ende med at de britiske myndigheter skyver v  re egne milit  re og administrative myndigheter til side.»

Dette dokumentet fr   Arne Ording og hans fire kolleger er blitt st  ande som oppskrifta p   ein «offensiv alliansepoltikk». Det vil seie ein politikk som var aktiv og p  g  ende, b  de n  r det galdt å vise samarbeidsvilje og tillit til dei allierte, og likeeins

n  r det galdt å krevje eit rimelig omsyn til legitime norske s  rinteresser i krigf  ringa. Ved å understreke samarbeidsviljen, og ved å vise ei klar erkjennin   av at ein alliansekrieg kravde ei strengt samordna leiing, der ein sm  stat ikkje kunne vente likestilling i dei leiande organ for krigf  ringa, ville den norske regjering med st  rre rett kunne kreve å bli teken omsyn til n  r s  rnorske sp  rsm  l var framme.

Det måtte ta tid f  r ein slik politikk kunne få gjennomslag p   alle plan. F  rst gjorde den seg gjeldande i norsk utanrikspolitikk, der Trygve Lie som ny norsk utanriksminister i desember 1940 offentleg tok til orde for eit langsiglig samarbeidsopplegg mellom Norge og Storbritannia. Gjennom denne offentlege erkl  ringa, og gjennom meir private framlegg til britiske diplomatar om eit n  rt forsvarssamarbeid for etterkrigstida mellom landa rundt Nord-Atlanteren, vart eit viktig grunnlag lagt for den sterke velvilje den norske regjeringa tidleg m  tte i det britiske utanriksdepartementet. — Det var ein velvilje som mellom anna fekk uttrykk i Sir Cecil Dormers avskilsrapport som minister hos den norske regjeringa i april 1941. Dormer s  g den nye norske utanrikspolitikken som eit avgjerande argument for britisk st  tte til den norske regjeringa. Med spesiell referanse til ein tanke fr   Trygve Lie om britiske og amerikanske baser p   norsk jord for sikring av freden i etterkrigstida, skreiv Sir Cecil at den britiske regjeringa alltid måtte ha dette i tankane i sitt samkvem med den norske regjeringa. Like viktig var det at den britiske regjeringa skulle, med Sir Cecils eigne ord, «help the Norwegian Government in any way possible to regain and retain their popularity

in Norway, so that at the end of the war, or whenever they can return to Norway, they may be strong enough to carry their plans through.» Det kan ikkje vere tvil om at den norske regjeringa i London, på grunnlag av si utanrikspolitiske line og den samarbeidsvilje overfor britane som var innebygd i den, tidleg fekk ein posisjon i alliansen som gjekk langt ut over det folketal og ressursar elles skulle tilseie. På bakgrunn av ein slik samarbeidsfilosofi kunne også den norske regjeringa lettare avvise dei framstøytar som kom frå den britiske finansministeren denne første krigsvinteren, om britisk disposisjonsrett over handelsflåten og over Norges Banks gullreserve.

Også i det krigspolitiske samarbeidet fekk denne nye samarbeidsfilosofien gjennomslag på eit relativt tidleg tidspunkt. Den norsk-britiske militæravtalen av 28. mai 1941 var uttrykk for ein rimeleg og pragmatisk balanse mellom norske krav om at den norske krigsdeltakinga skulle vere identifiserbar som norsk, og på den andre sida alliansekrigens naturlege krav om samla leiing på toppen under britisk dominans. Det skulle likevel ta tid før denne samarbeidspolitikken kunne gjennomførast på det praktiske plan i det daglege samkvem med britane. Spesielt når det galdt aksjonar mot eller på okkupert norsk område var samordninga lenge svak. Den norske regjeringa hadde i 1940 og 1941 ingen klare forestillingar om korleis krigspolitikken burde leggast opp med tanke på norsk område. Resultatet var at britiske instansar som var interesserte i å operere på Norge, sette i verk tiltak og aksjonar som den norske regjeringa hadde mangelfull kjennskap til og endå mindre kontroll med. Men frå haus-

ten 1941, då Oscar Torp hadde teke over forsvarsministerstillinga, og militærorganisasjonen i Norge hadde fått kontakt med den norske militære leiinga på utefronten, kunne prosessen med å utforme ein koordinert norsk krigspolitikk ta til. Og ved gjenopprettinga av Forsvarets Overkommando frå februar 1942 stod der også til disposisjon for regjeringa eit apparat til samordning av den norske krigsinnsatsen ikkje berre internt, men også i forhold til britane. Eit hovudpunkt for den alliansepoltikken som Forsvarets Overkommando heretter var eit instrument for, var — som det heiter i eit av grunnlagsdokumenta — at «vi må vinne britenes tillit». Gjennom å vise full forståing for dei krav alliansekriegen setter til overordna leiing frå stormaktenes side, og til innordning av nasjonale særinteresser under alliansens felles interesser, kunne norske styresmakter lettare vinne forståing for at vitale norske interesser også var felles allierte interesser. Eitt eksempel på dette kan vi finne i spørsmålet om bombing av industrielle mål i Norge. Ved å legge korta på bordet med alle opplysningar om norsk industri eventuelle nytteverdi for fienden, og ved å innsjå at slike industrielle mål ikke hadde krav på immunitet frå den allierte bombeoffensiven fordi dei tilfeldigvis låg på norsk jord, oppnådde den norske regjering at det eit godt stykke på veg vart teke omsyn til deira ønskeliggjorte mål og oppfatningar vedrørande bombemål. I eit anna problemkompleks, som vanlegvis går under nemninga «Civil Affairs», det vil seie administrasjons- og jurisdiksjonssproblema under frigjøringsprosessen, kom fordelene med denne spesielle tilnærmingsmåten i alliansamarbeidet endå klarare til

syne. Gjennom omsorgsfull førebuing, og ein overtydande argumentasjon til fordel for nordmenns evne og vilje til å ta ansvaret for interne spørsmål, lykka det Norge å få ein avtale som på alle vesentlege punkt ivaretok norsk suverenitets interesser, og som tente som modell for dei andre små alliertes tilsvarande avtalar med dei allierte. Like klart, og kanskje endå meir slående, er det intime samarbeidet som i allfall frå årsskiftet 1942 til 43 kom i stand mellom norske, britiske og til dels amerikanske instansar om paramilitære tiltak i det okkuperte Norge. Her kom det sommaren 1944 i realiteten til ei samanslåing av dei norske, britiske og amerikanske organa som arbeidde innanfor dette feltet. Og sjefen for den skandinaviske seksjonen av Special Operations Executive, oberst Wilson, har gitt skriftleg uttrykk for at denne samanslåinga godt kunne ha vore gjennomført på eit tidlegare tidspunkt: «Experience and results proved conclusively that more could have been achieved and less time wasted, if the merger between the SOE and OSS Norwegian Sections and the Resistance Department of the Norwegian High Command could have been achieved at an earlier date.»

Det høyrer altså med til bildet av norsk alliansepoltikk at London-regjeringa måtte ha ei fleksibel og realistisk tilnærming til spørsmålet om medråderett. Den kunne ikkje henge seg opp i formelle synsmåtar om suverene nasjonars likerett og folkesrettslege likestilling — synsmåtar som i sin fulle konsekvens måtte ha medført norske krav om likeverdig representasjon i alle allierte organ. Den pragmatiske alliansepoltikken som regjeringa gjennomførte kravde resignasjon

overfor større makters meir dominerande stilling og avgjørende vekt i alle spørsmål som ikkje primært vedkom norske vitale interesser. Faren ved ein slik alliansepoltikk var sjølv sagt at den kunne framstillast som ei underkasting under dei allierte stormaktene. Denne faren var ein av grunnane til at de Gaulle og dei «frie franske» under krigen stadig kravde uavkorta omsyn til fransk suverenitet og stormaktsstatus. Men det var ein politikk diktert av veikskap, ikkje av styrke. Det var, for å sitere ein fransk historikar, «Veikskapen til rekonallesenten Frankrike, hennar avhengige stilling i materiell forstand, som forsterka general de Gaulles fastlåste innstilling til den nasjonale suverenitet». Når den norske regjeringa kunne gjennomføre ein alliansepoltikk av ein heilt annan karakter, så var det eit uttrykk for styrke. Med si konstitusjonelt sterke stilling, og sitt økonomiske sjølvstende, kunne den norske London-regjeringa heve seg over alle freistnader fra den tyske og nazistiske propagandaen i Norge på å framstille den norske utefronten som ein britisk leigesoldat. Av dei same grunnar er det også i dag liten grunn til å hefte seg ved seinare tiders lettbeinte freistnader på å framstille alle kompromiss, mellom på den eine sida einsidige norske suverenitetsomsyn og på den andre sida alliansekrigens krav om at alle måtte føre same krigen, som prov på ei oppheving av Norges sjølvstende i dei fem åra.

Den tredje store utfordringa som London-regjeringa tok opp, var re-orienteringa av norsk tryggingspolitikk i eit meir langsigktig perspektiv. Det var ikkje ei utfordring som det var nødvendig for regjeringa å ta opp. Ei stund var regjeringa også i tvil om i kor stor grad

den hadde fullmakt til å interessere seg for etterkrigsspørsmåla. Men trass i all varsemd når det galdt å binde seg for etterkrigstida, kunne regjeringa vanskelig unngå å reflektere over konsekvensene av det som hende 9. april. Erkjenninga av at Norge ikkje lenger kunne nyte det *The Times* i 1935 hadde kalla «effortless security» — uanstrengt tryggleik — bak skjoldet av britisk flåtemakt, var då også utgangspunktet for regjeringas til dels vidtgåande planar om internasjonalt militært, politisk og økonomisk samarbeid etter krigen. Kjernelementet i desse planane fekk tidleg namnet «Atlanterhavspolitikken». Når vi i dag ser tillbake på den, har vi, i vår naturlege trang til å lese historia baklengs, lett for å sette likskapspunkt mellom Atlanterhavspolitikken og seinare tiders nordatlantiske forsvarssamarbeid. Derfor er det viktig å understreke at det primære motiv for Atlanterhavspolitikken var å hindre ein ny tysk aggresjon. Men det skal heller ikkje stikkast under stol at der i allfall fra 1942 var ein ambivalens i den norske utanriksleiings motivering for arbeidet med Atlanterhavspolitikken. Den uroa overfor sovjetisk politikk i Skandinavia og nord-områda som også var eit kjent fenomen i tida før krigen, fekk av ulike og meir eller mindre velfunderte årsaker ny næring under krigen. Og i takt med svingningane i denne uroa oppstod der, hos den norske utanriksleiinga, eit lettforklarleg ønske om å sjå eit vestlig forsvarssamarbeid etter krigen som ei sikring også mot ein slik sekundær trugsel.

På grunn av utviklinga av stormaktenes tryggingspolitiske planlegging for etterkrigstida, vart den regionale Atlanterhavspolitikken etter kvart gradvis sterkare innordna un-

der det globale etterkrigs-samarbeidet som fekk «The United Nations» som ramme. Seinast frå årsskiftet 1943–1944 fekk den norske regjeringa dessutan ein serleg grunn til å gå stillare i dørene med sin Atlanterhavspolitikk. Utsiktene til at sovjetrussiske soldatar kunne bli de første allierte frigjerings-styrkane på norsk jord, kom til å innleie det vi kan kalle den russisk-dominerte fasen i den norske utanrikspolitikken under krigen. Særmerkt for denne fasen er ei rekke tillitsskapande norske tiltak i forholdet til Sovjetunionen. Dette var den eigentlege «brubyggingspolitikkens» periode. Brubyggingsmetaforen skal første gong ha vore brukt i juli 1942, i ein leiarartikkel i Norsk Tidend, der det stod at Norge såg det som «eit viktig mål å være bindeleddet og broen for et tillitsfullt samarbeid mellom Sovjetunionen og Atlanterhavsmakten».

Klimaks i serien av norske tillitsskapande initiativ overfor Sovjetunionen var den norsk-russiske jurisdiksjonsavtalen 16. mai 1944. Det var utan tvil eit dristig steg av den norske regjeringa såleis å stille Sovjetunionen på linje med dei to store vestmaktene i avtaleverket for Norges frigjering. Det britiske utanriksdepartementet rådde ifrå, og hevdta at ein slik avtale ville vere det same som å «invitere russarane inn» i Norge. Men det var eit reelt dilemma den norske regjeringa stod overfor. Våre vestmakt-allierte syntet korkje vilje eller evne til å stille ressursar til disposisjon for ei frigjering av Nord-Norge. Dermed måtte den norske regjeringa velje mellom utsiktene til ein russisk innmarsj som ikkje var avtale-regulert, og ein innmarsj som gjennom jurisdiksjonsavtalen i allfall var underlagt visse avgrensningar i forhold til norsk suverenitet.

Den norske regjeringa hadde nok i tida som følgde forventningar om eit nærrare og betre samarbeidsforhold til Sovjetunionen som følge av dei norske tillitsskapande initiativa. Det var derfor eit stort vonbrot at russarane ikkje reagerte på norske tilbod om meir presise samarbeidsavtalar vedrørande den praktiske gjennomføring av frigjeringa av Nord-Norge. Det vakte også uro at den norske regjeringa først i elleve time fekk kunnskap om at Sovjet fakkisk ville rykke inn på norsk område, og samstundes fekk invitasjon til å delta i operasjonane. På den andre sida var den russiske innmarsjen akkompagnert av så mange forsikringar og teikn på sovjetisk velvilje for Norge og vilje til samarbeid om operasjonane, at dei gav lite grunnlag for uro over sovjetrussisk ekspansjons-politikk. Dei norske røynslene vedrørande russisk politikk i dette området i det siste krigsåret kan derfor oppsummerast i form av ei klar russisk målsetting om eit Nord-Norge som var fritt for vestleg stormaktskontroll. Russarane hadde med andre ord ikkje noko ønskje om sjølv å sette seg fast i området, men var fast bestemt på å hindre at vestmaktene skulle ha direkte kontroll med det same området.

Det som først og fremst kom til å forkludre rekneskapen for dei norsk-sovjetiske forholda i nord i det siste krigsåret, var Molotovs krav til Trygve Lie i november 1944 om eit norsksovjetisk kondominium for Svalbard og avstääing av Bjørnøya til Sovjetunionen. Det vil føre for langt her å kome inn på dei vanskelege forhandlingane om dette, som strakte seg frå november 1944 og fram til april 1945. Men det synes klart at Svalbard-forhandlingane ikkje fortener ein plass i det norske

utanriksdepartements katalog over vellykka diplomatiske operasjonar. Vel var Norges utgangsposisjon på mange måtar svak. Den raude armeens nærvær i Aust-Finnmark var ein ting. Kanskje vel så viktig var det at demilitariseringssparagrafen i Svalbard-traktaten, som vart eit sentralt punkt i forhandlingane, var blitt stempla som død og makteslaus av krigshendingane på Svalbard under krigen. Eit uavkorta forsvar for Svalbard-traktaten let seg derfor vanskeleg gjennomføre. Men dette burde i seg sjølv ha vore grunn nok for Norge til å unngå ein reint to-sidig forhandlingssituasjon med Sovjetunionen over spørsmålet, og i staden søkje ryggdekning hos dei vestlege stormaktene. Ei slik ryggdekning ville også ha vore i betre samsvar med Norges tryggingspolitikk elles under krigen. Svalbards storstrategiske posisjon var dessutan eit spørsmål som ein måtte rekne med direkte vedkom dei vestlege stormaktene. I staden ser vi at den norske utanriksleiinga legg opp til ei hovudsakeleg to-sidig behandling av spørsmåla, og berre nøylande og ufullstendig informerer sine allierte om forhandlingane. Med eit slikt opplegg kunne utfallet vanskeleg bli anna enn ein klar retrett for den norske regjeringa. Det norske utkastet til norsk-sovjetisk felleserklæring om Svalbard, framlagt i Moskva 9. april 1945, gjekk farleg langt i å binde dei norske standpunktta framfor eventuelle vidare forhandlingar. På sett og vis var det derfor den sovjetiske regjeringa som bærga den norske regjeringa ut av ein vanskelig situasjon, ved å leggje saka på is utan å formalisere erklæringa gjennom si underskrift.

Med Atlanterhavspolitikken lagt på is; med den nye verdsor-

ganisasjonen «Dei sameinte nasjonane» som sentral målsettning; og med uvissa om Sovjetunionens politikk som det store spørsmålsteiknet; var det vanskeleg for den norske Londonregjeringa å gå etterkrigstida i møte med ein klar vestleg samarbeidsprofil i utanrikspolitiken. Derfor er det også på forsvarsopolitikkens område at det i det siste krigsåret skjer dei mest interessante ting. For eit etterkrigsforsvar måtte Norge ha, og eit etterkrigsforsvar let seg ikkje improvisere. Både fordi fem års intimt dagleg samarbeid mellom det norske og det britiske — men også det amerikanske — forsvaret ikkje let seg viske ut over natta, og fordi der knapt fant andre samarbeidspartnarar, var det naturleg for den norske forsvarsleiinga i det siste krigsåret å prøve å sikre seg forsyningar, materiell, og assistanse til opplæring frå britane. Samstundes hadde den norske regjeringa i allfall moralsk forplikta seg til å assistere britane i okkupasjonen av Tyskland etter krigen. På dette vis oppstod i krigens siste fase ei rekke såkalla «funksjonelle bindingar» til vestmaktene. Desse bindingane skulle overleve, trass i sigersrusen og den sterke bølgja av nasjonalkjensle som Norge gav seg i vald sommaren 1945. Så jamvel om dei meir storfelte perspektiva frå Atlanterhavspolitikkens høgdepunkt, såleis ikkje var blitt realisert, var kimen i visjonen om ei vidarefasering av samhaldet frå krigstida nedlagt i det «rent militære samarbeid» som tok form frå 1945. Norges formelt alliansefrie politikk frå 1945 var derfor ikkje ei tilbakevending til status quo. I det minste hos dei som hadde vore ute under krigen syntest der å vere ei klar erkjenning av at korkje små eller store europeiske statar i fram-

tida ville kunne avskjerme seg frå storpolitikken. På lengre sikt framstår også denne erkjenninga, og den dynamiske tryggingspolitikken som var utvikla for å møte dei nye krava denne stilte, som kanskje det viktigaste resultatet av den norske regjerings fem år i krigsalliansen. 9. april 1940 vart Norge med eit brutal rykk rive laus frå sin isolerte utkantsposisjon. Men det var i seg sjølv ei kortvarig røynsle. Det dei fem åra i krig gjorde var å gi Norge, gjennom utefronten, rotfeste i eit nytt jordsmønster internasjonale og storpolitiske spørsmål var nære og daglege realitetar. Frå desse røynslene var der ingen veg tilbake, trass i etterkrigsåras periodisk tilbakevendande nostalgi for farne tider då Norge i allfall tilsynelatande hadde kunne «vere for seg sjølv». Og i spenningsfeltet mellom denne nostalgien og krigstidas nye erkjenning skulle etterkrigsperiodens norske tryggingspolitikk ta form.

La oss til slutt vende tilbake til utgangspunktet: Ei nederlagsdømt norsk eksilregjering, flyktningar frå eit hærsett land, fjernt frå eit folk som syntest i ferd med å snu ryggen til dei, nedtyngde av ansvaret for ein feilslått politikk, og bundne i lagnadsfellesskap til svake allierte som alle var på vikande front overfor ein tilsynelatande uimotståeleg fiende. La oss så stille dette i kontrast til siste bilde i siste akt av London-regjerings historie: Der Konge og regjering i 1945 vende tilbake som fullverdig og høgt respektert medlem av ein mektig og sigerrrik allianse, som øvste leiarar for ein samla nasjon, i brodden for ein handlekraftig siviladministrasjon og for vepna styrkar i eit tal på omlag 27 000 mann, og ein hardt røynt, men likevel mektig handelsflåte. Konklusjonen ligg i dagen:

Regjeringa hadde utan skugge av tvil lykkast i sin misjon. Den dristige og fjerne målsettinga i regjeringsproklamasjonen ved avreise frå Tromsø 7. juni 1940, om at «Vårt fedreland i seierens stund med myndighet kan tre frem og hevde sin nasjonale frihet» — var oppfylt i ein grad som berre dei færraste kunne ha trudd var mogleg. At det gjekk så godt som det gjekk, var sjølv sagt eit resultat av eit samspel av svært mange ulike faktorar. Sjølve grunnlaget var naturlegvis stormaktsalliansens siger over fienden i den store krigen. Sjølv om vi avgrensar synsfeltet til å omfatte innsatsen frå den norske sida, var det mange føresetnader som måtte oppfyllast før målet kunne nåast. Direkte eller indirekte var Norges bidrag til den

allierte sigeren eit resultat av ein samla innsats av bådeheimefront og utefront. Og når Norge kunne møte etterkrigstida som ein samla og ikkje som ein kløyvd nasjon, så var dette også resultatet av eit samspel av mange ulike faktorar. Men nettopp i desse krava om norsk samspel og samverknad innan til og i forhold til alliansen, låg London-regjerings ansvar og utfordring. Ingen andre organ hadde føresetnader for å handtere dei krav dette innebar om ei øvste, tilstrekkeleg samlande og autoritativ leiing, som kunne legge tilhøva til rette, jamne ut motsetningar, og sikre gjennomføringa av eit slikt samspel. Og i oppfyllinga av desse krava ligg dermed regjerings fremste og udiskutabile fortegneste. ■

Fra Oslo Militære Samfund

Major Henry Aargaards legat — Reisestipend

Av legatets midler kan det i år tildeles ett eller flere reisestipend på minimum kr. 1 000,—.

Søknadsberettigede er yngre norske offiserer av alle forsvarsgrener og som tilfredsstiller vilkårene for medlemskap i Oslo Militære Samfund, dvs. tilhører avansemektskrets I.

Stipendiene forutsettes nyttet til utenlandsreiser for å:

- Studere forhold som kan øke offiserenes alminnelige eller spesielle kunnskaper om totalforsvaret, krigskunst og krigsvitenskap, og som ikke kan forutsettes dekket ved offentlige bevilninger eller offentlige utdanningslager innen de forskjellige forsvarsgrener og/eller fellesinstitusjonar, eller
- foreta krigshistoriske studier, eller
- foreta studier for videreutdanning i språk eller i annen kulturell retning som er av den art at den må anses som nødvendig eller ønskelig for å heve offisersstandens anseelse.

Søknader om stipend stiles til Oslo Militære Samfund, Myntgt. 1, Oslo 1, og skal være begrunnet innen rammen av legatets formål.

Meddelelse om tildeling kunngjøres på OMSs jællemøte i desember 1980. Stipendiene utbetales umiddelbart før stipendiereisen, som normalt skal være påbegynt innen 7 måneder etter tildeling. Stipendiene skal etter avsluttet reise avgje rapport til legatstyret.

Søknadsfrist 1. november 1980.